

Tollkiste frå Hjerleid til Nedstrand

14. september 1666
vart «Ryfylke
Toldsted» på
Nedstrand angripen av
ein skotsk kaper med
mannskap som røva,
herja og sette husa i
brann før dei stakk av
med kongens tollkiste
med tollpengane i.

DOVRE og TYSVÆR: Nå er ei ny tollkiste på plass i tollbua, nøyaktig 350 år etter det dramatiske overfallet i 1666, da dei skotske sjørøverane gjekk til åtak og herja i grålysinga. Det er Nedstrand bygdemuseum som har fått bygd ei ny tollkiste som er så nær identisk som råd med den som vart røva.

Steinar Moldal ved Dovre handverkscenter har samordna prosjektet, og Dagfinn Silgjerd, som er formann for Nedstrand bygdemuseum, har laga målteikning og fotografert dei fire tollkistene som ennå finst att i Noreg. Arbeidet er utført med bakgrunn i dette materialet.



Mathias Øvsteng

mathias@kulturarv.no



Smedlærlingane Marcus Jensen (til v.) og Jens Strassegger tilpassar beslaga på tollkista

Næming Alf Reidar Melvær Vadøy, som har starta sitt eige firma, har stått for snikkararbeidet. Jens Strassegger, Marcus Jensen og Magnus Vartdal har utført smedarbeidet. Dei er alle lærlingar i Senter for bygdekultur på Dovre. Dei laga ein mellomting mellom kistene dei fekk bilde av – alle like, men med litt variasjon når det gjeld beslaga. Kistelåsa hadde dei ikkje detaljerte bilde av, så dei er baserte på kjende mekanismar frå den aktuelle stilperioden.

Jens Strassegger fortel at dei starta med å laga 1:1-teikningar av kista med tre lås, saman med nøklane. Alt er handsmidd – frå det

største låset til den minste spikar. Kwart lås har ein unik nøkkel. Kista har rundt 300 spikar, åtte band, seks vinkelbeslag, tre lås, tre nøklar, to handtak og diverse naglar. Tollkista er produsert i solid 30-millimeter eikeplank, med bruttomål 1,30 m lang, 56 cm brei og 69 cm høg. Vekta er rundt 90 kg.

Christian V-kister

I tillegg til den nylaga kopien på Nedstrand finst fire kjende tollkister frå regentperioden til Christian IV – på Akershus Slott (frå Drøbak tollstad), Kristiansand Museum (frå Flekkerøy tollstad), Drammen Museum og i Rygge kirke (ukjende tollstader).



Smedlærer ved Handverksskolen, Benjamin Kjellman-Chapin, er også fagansvarleg for smedlæringane i lærebedrifta Senter for bygdekultur



Smedlæringane Magnus Vårtal og Jens Strassegger



Vernebygget på Nedstrand



Steinar Moldal og Alf Reidar Melvær Vådøy har fått plassert tollkista på Nedstrand



«Ordinantz om Toldens oppebørsel» frå 12. januar 1632

Dei er laga etter instruksane i tollordinansen av 1632, og alle er så å seia like. Tollkista har tre myntinnkast, til venstre for kongens toll, i midten for accisen (omsetningsskatt på varer som vart tilverka og/eller selt innanlands – ei form for «innanrikstoll» eller omsetningsavgift) og til høgre for tollaren og staben hans. Kista har totalt seks lås, tre store hengelås (taske-lås) og tre kistelås. Tollaren, tollskrivaren og lensherren skulle ha eit sett med nøklar kvar, og desse tre herrane måtte samlast når tollkista skulle opnast og innhaldet sendast til rentekammeret i København to gonger i året.

«Ryfylke Toldsted»

Nedstrand var administrasjonssenter for «Ryfylke Fogderie» i nær 200 år, og i 1630 vart «Ryfylke Toldsted» etablert med eigen tollar i «ryfylkehovudstaden» – til store protestar frå Stavanger. Tollbua vart bygd i 1637, etter eigenhendig rescript (oppdrag) av Christian IV. Grunnen til at Kongen etablerte ein tollstasjon her, var den store trelasthandelen i ryfylkefjordane etter at oppgangsgagane kom i drift frå 1550-talet.

Eitt av husa frå tollstasjonen har stått innbygd i eit stort sjøhus ved ferjekaia på Nedstrand. Da sjøhuset heldt på å falle saman i 1980 på

grunn av manglande vedlikehald, vart tollbua gitt til Tysvær kommune. Den vart demontert, lagra og seinare tatt vare på av Nedstrand bygdemuseum. Etter nokre år vart tollbua delvis montert i ein hall i Vatsendvik der den vart oppmålt og teikna av Arne Berg og Bård Langvandslie frå Riksantikvaren.

Etter mange år med planlegging vart tollbua atter reist inne i eit vernebygg på kaiområdet på Nedstrand. Henning Olstad og medarbeidarane hans frå Hjerleid-miljøet på Dovre har hatt ansvaret for restaurering og gjenoppbygging av tollbua, eit arbeid som var ferdig i 2014. ☺